

## Referat frå utvida styremøte i NBF Sogn og Fjordane 23.01.02 i Førde

Desse møtte: Asbjørn Feten, Dagfinn Lauritsen, Geir Angedal, Morten Søreide,  
Kai Lille-Homb, Aud Marit Hage

Møtereferatet frå styremøte 09.04.01 godkjent

1/02 Orienteringar frå leiar

a. Klubbmeisterskapen i fylket. 177 par deltok.

Premiering: 1.-3. plass: pengepremiar

4.-6. plass: BIN-abonnement

7.-40. plass: bokpremiar

+ bokpremie til dei tre nærast medel og til dei tre siste.

Målet er at beste par i kvar klubb vert premiært, og kjem ikkje alle inn under desse kriteria, vert det fleire bokpremiar.

Premiane skal ikkje overstige 50% av brutto inntekt.

### Kretspoeng

I klubben: ved 2-6 bord: 2-1

Ved 7-9 bord: 5-3

Ved 10 + : 7-4-2

Totalt: Nr 1 og 2. 20/20

Nr 3 og 4 15/15

Nr 5 og 6 10/10

Det vert for neste års klubbmeisterskap sett ei nedre grense ved tre bord i klubben for at spelarane skal kome med på den totale resultatlista og bonusordninga.

b. sonemeisteskap 2002

26 par i Hafslo, 23 par i Florø 13. jan.

25 par i Vadheim og 30 par i Breim 20. jan.

I alt 104 par

c. KM-lag

Første runde ferdigsspelt. Turneringsutvalet set opp neste runde.

2/01 Årsmelding

Leiar la fram forslag til årsmelding.

3/02 Bridgeting 15. og 16. juni i Bergen.

Har krinsen kandidatar til tillitsverv i forbundet?

Tilbakemelding til leiar innan 15. mars.

4/02 Økonomi

Det har vore svikt i systemet vårt på dette området i ein stor del av året 2001. Det har ført til mange purringar, inkassokrav og innkalling til forlikråd.

Asbjørn Feten og nyvald kasserar, Kai Lille-Homb, har jobba med å få oversikt over både ubetalte rekningar, få desse betalte og få oversikt over krinsen sine uteståande krav.

Det er endå ikkje utbetalt reisestøtte for NM-reiser i 2000 og 2001.

Heller ikkje er styret si godtgjerdsle utbetalt.

For to år vert denne utbetalt med:

Leiar Asbjørn Feten: kr. 10.000,-, Kasserar: Julius Moe kr 2500,-, og Kai Lille-Homb 7,500,-, Sekretær. Arve Røneide kr 5000,- og Melheim kr. 5000,- (internetteneste), Organisering: Aud Marit Hage kr 6000,-, Rekruttering: Dagfinn Lauritsen kr 6000,-, Turneringsutvalet: Geir Engebretsen kr 5000,-, Geir Angedal kr 3000,-, Arnar Kvernevik kr 1500,- og Morten Søreide kr 1500,-

Nye satsar bør vurderast på krinstinget, ma. setje av eigen sum for internettoppdateringa.

5/02 Loenturneringa 3.-5. mai.

Organiseringa av denne vert delegert til Geir Engebretsen og Dagfinn Lauritsen. Dei bookar også inn neste års turnering med hotellet. Vårt ynskje er 2.-5. mai 2003.

6/02 KM-mix

Denne vert flytta til søndag 3. mars. Spelestad: Peisstova i Førdehuset.

7/02 Krinsting

Innkalling må gå ut innan **10. mars**.

Saker som skal opp på tinget i frå klubbane må vere styret i hende innan **1. april**.

Sakliste må ut innan **10. april**.

Saker som styret ynskjer skal bli drøfta er ma.

- vedtaksendringar
  - o regelverk for reisestøtte NM
  - o endre godtgjerdsle til styret
  - o gje styret fullmakt til val av ulike KM-turneringsformer (lag)
  - o formuleringa om at klubbane må kjøpe kort frå krinsen, vert endra til bør.
- Heidersteikn (både på krinsnivå og klubbnivå)

Valnemnda må få beskjed om å byrja på arbeidet sitt.

8/02 Internettoppdatering.

Geir Engebretsen tek på seg denne for tida utover til tinget.

GE har nye telefonnummer: 57 87 79 60 (p)

917 42142 (m)

**Nytt styremøte : torsdag 4. april**